

# Vegar til yrkeskompetanse

## Innhold

Innleiing.....	2
Yrkeskompetanse.....	2
Kompetanse med vitnemål .....	2
Kompetansebevis .....	3
Oversikt over ulike opplæringsordningar i yrkesfag og kva kompetanse dei gir .....	3
Ungdom .....	4
Vaksne kandidatar .....	4
Praksiskandidatordninga .....	4
Ulike vegar til yrkeskompetanse .....	4
Hovudmodellen – 2 år på skule og 2 år i lære .....	4
Særløpsfag.....	5
Avviksfag.....	6
Full opplæring i bedrift (FOB) .....	6
Yrkes- og studiekompetanse – YSK .....	7
Yrkeskompetanseløp .....	7
Ulike vegar til sluttkompetanse for vaksne .....	8
Fagbrev på jobb-ordninga .....	8
Krav til arbeid og organisering .....	9
Opplæring og vurdering.....	9
Vilkår for kandidaten .....	9
Modulstrukturert opplæring.....	9
Korleis opplæringa er bygd opp? .....	10
Praksiskandidatordninga .....	10
Heile modellen .....	12
Oppsummering .....	12

## Innleiing

Regjeringa har som mål at **ni av ti elevar skal fullføre vidaregåande opplæring innan 2030**. Fullføringsreforma inneheld fleire tiltak som skal bidra til at fleire ungdomar og vaksne oppnår studie- eller **yrkeskompetanse som er relevant for arbeidslivet**.

I yrkesopplæringa er det avgjerande at opplæringa er **praktisk, relevant og tett knytt til reelle arbeidsoppgåver**. For mange elevar er det nettopp kombinasjonen av praksis og opplæring som gir meistring og motivasjon til å fullføre. Lov og forskrift gir eit betydeleg handlingsrom til å tilpasse opplæringsløpa, slik at dei tek omsyn til ulike føresetnader, progresjon og behov hos den enkelte.

For å lukkast med ei fleksibel og tilpassa yrkesopplæring krevst det **tett samarbeid mellom skule, opplæringskontor, fag- og bransjeorgan og lærebedrifter**. God samhandling gjer det mogleg å utvikle opplæringsløp som både kvalifiserer fleire til fag- og sveinebrev og møter behova for kompetanse i arbeidslivet.

Det er derfor viktig å ha **god kjennskap til dei ulike vegane inn i yrkeskompetanse** – frå ordinære løp, alternativ Vg3 i skule, praksisbrevordningar, modulstrukturert opplæring og andre fleksible løysingar. Også løp som gir delkompetanse kan vere eit viktig steg på vegen mot fag- eller sveinebrev for fleire.

## Yrkeskompetanse

### Kompetanse med vitnemål

Yrkeskompetanse vert oppnådd gjennom fullført opplæring innan eitt av dei ti yrkesfaglege utdanningsprogramma i vidaregåande opplæring.

I dei såkalla lærefaga fører opplæringa fram til fagbrev eller sveinebrev, etter bestått fag- eller sveineprøve. Når heile opplæringsløpet er fullført og bestått, får kandidaten utferda vitnemål.

Sveinebrev vert nytta i handverksprega fag, til dømes smedfaget, medan fagbrev vert nytta i andre fag, som til dømes elektrikarfaget.

Det er òg mogleg å oppnå yrkeskompetanse utan fag- eller sveineprøve, dersom ein gjennomfører opplæring i fag som ikkje er omfatta av lærefagsordninga. Desse løpa vert kalla yrkeskompetanseløp. Eit døme på dette er helsesekretærfaget.

I slike yrkesutdanningar er opplæringa vanlegvis lagt opp som tre år i skule, med innlagde praksisperiodar, for å sikre relevant erfaring og førebuing til arbeidslivet.

## Kompetansebevis

Kompetansebevis vert utferda når vilkåra for vitnemål ikkje er oppfylte. Beviset dokumenterer den kompetansen kandidaten har oppnådd.

I nokre opplæringsløp er kompetansebevis målet for ordninga. Dette gjeld til dømes lærekandidatordninga, der opplæringa er retta mot delar av læreplanen og gir dokumentert delkompetanse.

For praksiskandidatar kan dokumentasjonen variere:

- Praksiskandidatar som består fag- eller sveineprøva, men ikkje har bestått alle fellesfag og programfag, får utferda kompetansebevis.
- Praksiskandidatar som har bestått både fag-/sveineprøva og alle kravde fellesfag og programfag, får utferda vitnemål.

## Oversikt over ulike opplæringsordningar i yrkesfag og kva kompetanse dei gir

	Lærling	Modulstrukturert opplæring	Lærekandidat	Fagbrev på jobb	Yrkeskompetanseløp	Praksisbrevkandidat	Praksiskandidat
Type ordning	Opplæringsløp	Opplæringsløp	Opplæringsløp	Opplæringsløp	Opplæringsløp	Opplæringsløp	Dokumentasjonsordning
Krav om fellesfag	Ja	Nei	Nei	Nei	Ja	Utval	Nei
Total varigheit	ca. 4 år*	Individuelt*	ca. 4 år*	ca. 4 år*	3 år i skule	2 år	ca. 5 år*
Varigheit bedriftsdel	6.mnd til ca. 4 år	Individuelt	6.mnd til ca. 4 år	1 til ca. 3 år	Ingen bedriftsdel, kunn skule	Veksling	+25%
Sluttkompetansene	Fag-/sveinebrev (Vitnemål)	Fag-/sveinebrev (Vitnemål)	Kompetansebrev (Kompetansebevis)	Fag-/sveinebrev (Vitnemål)	Vitnemål	Praksisbrev (Kompetansebevis)	Fag-/sveinebrev (/Kompetansebevis/Vitnemål)
Krav om programfagseksamen	Nei	Ja	Nei	Ja	Nei	Nei	Ja
Moglegheit for særskilt tilrettelagt opplæring	Nei	Nei	Ja	Nei	Nei	Nei	Nei
Info om ordning	<a href="#">VLFK lærling</a>	<a href="#">Vlfk MVOV</a>	<a href="#">VLFK lærekandidat</a>	<a href="#">Fagbrev på jobb</a>	<a href="#">Tilbudsstruktur</a>	<a href="#">Vegleiar Udir</a>	<a href="#">VLFK praksiskandidat</a>
Videre studiar	Påbygg, Fagskole, Meisterbrev, Y-veg	Meisterbrev, Y-veg, 23-6	Fag-/sveinebrev, 23-6	Meisterbrev, fagskule, 23-6	Påbygg, Fagskole	Fag-/sveinebrev	Meisterbrev, fagskule, 23-6

\*Dei fleste fag har ei ordinær opplæringstid på 4 år. Nokre fag avvik frå dette (sjå tilbudsstruktur).

## Ungdom

Ungdom frå det året dei fyller 19 år, kan velje å følgje opplæringsmodellar som er fleksibelt utforma for vaksne. Dette gir større fleksibilitet og høve til å tilpasse opplæringa til eigen livssituasjon.

## Vaksne kandidatar

For vaksne kandidatar er det mogleg å delta i opplæringsordningane samtidig som dei er i arbeid, også i graderte stillingar. I slike tilfelle vert læretida forlenga tilsvarande, slik at kandidaten får den opplæringa vedkomande har krav på.


## Praksiskandidatordninga

Det er òg mogleg å oppnå fag- eller sveinebrev som privatist gjennom dokumentasjonsordninga for praksiskandidatar. I denne ordninga skaffar kandidatane seg nødvendig praksis på eiga hand og tek teorieksamen for faget som privatist.

## Ulike vegar til yrkeskompetanse

-  Skule
-  Veksling, skule/bedrift
-  Opplæring i bedrift
-  Sluttkompetanse
-  Privatistordning

Hovudmodellen – 2 år på skule og 2 år i lære



Den mest brukte vegen til sluttkompetanse i fag- og yrkesopplæringa, er 2+2-modellen. Det er 2 år i skule og 2 år i lære i bedrift, før lærlingen avsluttar med fag- eller sveineprøve. På skulen tek elevane fellesfag som er obligatorisk for alle fagbrev (Norsk, engelsk, matematikk, samfunnsfag og naturfag) og programfag. Fleirtalet av tilbudsstrukturane i yrkesfaglege program følgjer denne vegen til sluttkompetansen fag-/ sveinebrev.

Lærekandidatar kan også følgje denne vegen til kompetansebrev. Ein lærekandidat har ikkje krav om fellesfag eller programfag. Sluttvurderinga er ein kompetanseprøve, og denne fører til kompetansebrev.

### Særløpsfag



Ein annan modell for å oppnå fagbrev, sveinebrev eller kompetansebrev er 1+3-modellen, ofte kalla særløpsfag. Dette er fag der elevgrunlaget er for lite til at det kan opprettast eige Vg2-tilbod.

I denne modellen går elevane først Vg1 i skule, før dei vidare har tre år med opplæring i bedrift. Programfaga som vanlegvis ville vore tekne på Vg2, får kandidaten tilbod om undervisning i éin fast skuledag i veka i eitt av åra under læretida i bedrift.

For kandidatar som går mot fag- eller sveinebrev, er det krav om å ta ein eigen skriftleg programfagseksamen før ein kan melde seg opp til fag- eller sveineprøva.

Lærekandidatar kan òg følgje 1+3-modellen, men med eit anna sluttmål.


Lærekandidatar har ikkje krav om fellesfag eller programfag. Sluttvurderinga skjer gjennom ei kompetanseprøve, som fører fram til kompetansebrev.

## Avviksfag

Avviksfag er dei andre studieretningane som avvik frå hovudmodellen. Desse kan følgje opplæringsordningane 3+1, 2+3, 2+2 ½ eller 3+2. Dei fleste av desse faga har utvida krav til teori og eksamenar, som må gjennomførast før oppmelding til fag- eller sveineprøve. I ordningane med avviksfag er det fleksibilitet til å endre rekkefølge på opplæringa eller ha ei alternativ organisering.

Lærekandidatar kan følge denne vegen til kompetansebrev. Ein lærekandidat har ikkje krav om fellesfag eller programfag. Sluttvurderinga er ein kompetanseprøve, som fører til kompetansebrev.

## Full opplæring i bedrift (FOB)




Full opplæring i bedrift (FOB) er eit godt døme på korleis opplæringa kan organiserast for å skape eit fleksibelt opplæringsløp. Her er gått all opplæring føre ute i bedrift, unnateke fellesfaga, som får ein tilbod om å få undervisning i ein dag i veka to av årene i opplæring i bedrift. I eit slikt løp må kandidaten ta ein eigen skriftleg programfagseksamen, før hen

kan melde seg opp til fag- eller sveineprøve. Det er og mogleg å ta fellesfag som privatist.

Full opplæring i bedrift etter Vg1 (FOB1) er også eit alternativ. Då går eleven ut i lære etter Vg1. Dei som går FOB1 får og tilbud om opplæring i dei fellesfag som høyrer til Vg2 ein dag i veka eit av årene i opplæring i bedrift. I eit slikt løp må kandidaten ta ein eigen skriftleg programfagseksamen, før hen kan melde seg opp til fag- eller sveineprøve.

Lærekandidatar kan følgje denne vegen til kompetansebrev. Ein lærekandidat har ikkje krav om fellesfag eller programfag. Sluttvurderinga er ein kompetanseprøve som fører til kompetansebrev.

## Yrkes- og studiekompetanse – YSK



Yrkes- og studiekompetanse (YSK) er eit fireårig løp med mål om å oppnå både fag- eller sveinebrev og generell studiekompetanse. Dei første to åra har kandidaten elevstatus, og dei to siste åra har hen lærlingstatus med lærekontrakt. Opplæringsløpet legg opp til veksling mellom skule og lære i bedrift gjennom dei fire åra.

Ordninga gir moglegheit for å gå rett ut i jobb eller ta høgare utdanning. Det er ikkje krav om eigne eksamenar i faget, i og med at all opplæring er integrert i løpet.

Lærekandidatar kan ikkje følgje denne vegen til kompetansebrev.

## Yrkeskompetanseløp

Nokre yrkesfaglege utdanningsprogram har ikkje opplæring ute i bedrift. I desse utdanningsprogramma fullfører elevane utdanninga si på skule og får yrkeskompetanse som sluttkompetanse.

## Ulike vegar til sluttkompetanse for vaksne


Du har rett til realkompetansevurdering som vaksen

Ei realkompetansevurdering er ei vurdering av den formelle, uformelle og ikkje-formelle kompetansen kandidaten har tileigna seg gjennom vaksenlivet. Det kan vere kompetanse frå utdanning, lønna arbeid, frivillig arbeid eller andre arenaer i samfunnet.

Kompetansen vert vurdert opp mot læreplanane i fag eller modular i vidaregåande opplæring for vaksne. Realkompetansevurderinga skal danne grunnlaget for kva opplæringsløp den enkelte får.

Illustrasjon for vegar til sluttkompetanse for vaksne er fargekoda slik:

Fagbrev på jobb:




Modulstrukturert opplæring:



## Fagbrev på jobb-ordninga

Modellar for vaksne



Fagbrev på jobb er ei ordning for personar som ønskjer å ta fag- eller sveinebrev, og som allereie er i arbeid, men som har kortare arbeidserfaring enn det som er kravet for praksiskandidatordninga.

Ordninga er særleg aktuell for kandidatar som har minst eitt år relevant arbeidserfaring i faget. Dersom kandidaten har meir enn tre års relevant praksis, bør praksiskandidatordninga vurderast i staden.

### Krav til arbeid og organisering

Kandidaten må ha ein arbeidsavtale som byggjer heile læretida, og bedrifta må vere godkjend lærebedrift i det aktuelle lærefaget. Lengda på opplæringsløpet vert fastsett ut frå kandidaten si dokumenterte arbeidserfaring, i samsvar med godkjeningsreglane i opplæringsforskrifta §§ 6-5 til 6-12.

Opplæringstida skal vere:

- minimum eitt år
- maksimum tre år

Opplæringa tek utgangspunkt i den ordinære læreplanen for Vg3 i lærefaget.

### Opplæring og vurdering

Lærebedrifta skal gi kandidaten same opplæring som andre lærlingar i faget. Tidlegare arbeidserfaring skal vurderast, og lærebedrifta skal fastsetje attståande læretid på kontrakten på bakgrunn av dette.

Fagleg leiar i lærebedrifta skal signere skjemaet


«Intern plan for opplæring – fagbrev på jobb», der lengda på den resterande opplæringstida vert føreslått.

### Vilkår for kandidaten

For å nytte ordninga må kandidaten ha fullført norsk grunnskule eller tilsvarande. Før kandidaten kan meldast opp til fag- eller sveineprøve, må vedkomande bestå ein skriftleg teorieksamen. Det er ikkje krav om beståtte fellesfag.

Lærekandidatar kan ikkje nytte fagbrev på jobb som veg til kompetansebrev.

### Modulstrukturert opplæring



Modellen er utan tidsskala

Modulstrukturert opplæring er ei ordning for vaksne mot fag- og sveinebrev, og er godkjend i 17 lærefag nasjonalt. Sjå til [udir.no](http://udir.no) kva fag dette gjeld.

Ordninga er retta mot vaksne og opplæringa skal kunne tilpassast den enkelte sitt utgangspunkt og livssituasjon. Målet er å leggje til rette for at ein kan kombinere opplæring med arbeid og andre forpliktingar.

Korleis opplæringa er bygd opp?

Den modulstrukturerte opplæringa er delt inn i mindre, sjølvstendige modular. Mesteparten av opplæringa skal gjennomførast i godkjend lærebedrift, med tett kopling mellom praksis og kompetansemål.



Vaksne som startar i ordninga, skal ha gjennomført ei realkompetansevurdering før oppstart. På bakgrunn av denne vurderinga vert kandidaten plassert på rett nivå, og skal berre få opplæring i det som er nødvendig for å oppnå ønska sluttkompetanse. Ein skal med andre ord ikkje gjennomføre opplæring i kompetanse ein allereie har. Ein har høve til å nytte modulstrukturert opplæringsløp frå det året ein fyller/er 19 år. Dei under 19 år kan søkje om å få opplæring for vaksne.


Kandidatar i den modulstrukturerte ordninga må bestå skriftleg eksamen før dei kan meldast opp til fag- eller sveineprøve.

Lærekandidatar kan ikkje nytte modulstrukturert opplæring som veg til kompetansebrev.

## Praksiskandidatordninga

Ordninga er fargekoda slik:

-  Sluttkompetanse
-  Privatistordning



Praksiskandidatorordninga er ei dokumentasjonsordning for privatistar. Det vert ikkje skrivne opplæringskontrakt, og bedrifta mottok ikkje tilskot frå fylkeskommunen. Ordninga er aktuell for dei som har meir enn 4 års relevant erfaring frå yrket, og gjer det mogleg å ta fag- eller sveineprøva utan opplæring i skule eller bedrift.


For å kunne melde seg opp som praksiskandidat må kandidaten kunne dokumentere allsidig praksis som er minst 25 prosent lengre enn normert opplæringsløp i faget.

For fag som følgjer 2+2-modellen, betyr dette at kandidaten må ha minst fem års relevant praksis. For avviksfag er kravet til praksis lengre. Praksisen skal dekkje dei viktigaste delane av Vg3-læreplanen i faget.

Praksiskandidatar må sjølve melde seg opp som privatist og bestå teorieksamen i faget før dei kan meldast opp til fag- eller sveineprøve.

Lærekandidatar kan ikkje nytte praksiskandidatorordninga som veg til kompetansebrev.

## Heile modellen



## Oppsummering

Fag- og sveineprøva er den same uavhengig av kva opplæringsveg kandidaten har følgd. Prøvene tek alltid utgangspunkt i den ordinære læreplanen for Vg3 i det aktuelle faget.

Unntaka er der opplæringsløpet ikkje vert avslutta med ordinær fag- eller sveineprøve:

- Praksisbrevkandidatar avsluttar opplæringa med praksisbrevprøve.
- Lærekandidatar avsluttar med ei mindre omfattande fag- eller sveineprøve, basert på færre og tilpassa kompetansemål.
- Yrkeskompetanseløp vert avslutta ut frå gjennomført opplæring i skule, utan læretid og utan fag- eller sveineprøve.